



VIPS Rognebærmøll

Vert det angrep av rognebærmøll i eple i år? Sjekk VIPS i byrjinga av juni.

Som namnet seier, vil rognebærmøll helst leve på rognebær. Men i år med lite rognebær i nærleiken, flyg møllen inn i eplehagane og legg egga sine på eple i staden. Når egga klekker, kryp larvene inn i epla og det vert skade både på utsida og inne i fruktkjøtet.


I VIPS finn du kvart år prognosar berekna for dei største distrikta med epledyrking i landet.

Dei fleste åra er det ikkje fare for angrep, men når faren oppstår kan du rekne deg fram til rett tid for tiltak mot møllen på vips-landbruk.no. Oppskrift finn du på neste side.

Vi har få tiltak mot rognebærmøll. NLR har lokale rådgjevarar som kan hjelpe deg med å finne det beste tiltaket i din produksjon.



Rognebærmøllvarsling





Døgngrader og nedbørsum

Vekststart basert på:
 Temperatur Ikke beregnet
 Jordtemperatur data mangler

Basistemperatur 0 °C.

Manglende data:
 Temperatur 0 døgn
 Nedbør 0 døgn


Værstasjon:
 Åsbakken

Basistemperatur:
 0 °C

Periode:
 2023-06-01 2023-06-30

Beregn

Døgngrader og nedbørsum for Åsbakken i perioden 2023-06-01 til 2023-06-30.



Highcharts.com

VIPS nyttar eit norskutvikla prognosesystem for å varsle åtak i eple. Kwart år på seinsommaren vert det samla inn rognebær frå dei største fruktdistrikta. Bæra vert sjekka for levedyktige møll-larver som kan overvintrere. Våren etter vert mengde rogneklasar på dei same stadene talde opp, og det kan reknast ut om det er nok rognebær til møllen lokalt.


Resultata leggjast ut på VIPS i byrjinga av juni. På første side ser du varselet for 2023, eit år utan angrep.

Tidspunkt for tiltak – du må vite tid for full blom i rogn

Rett tid for tiltak er avhengig av korleis tiltaket fungerer og mot kva stadium av rognebærmøll det har effekt. Full blom i rogn kan brukast som starttid for berekning av dei ulike stadia til møllen. Veit du når det er full blom i ditt område, kan du finne tidspunkt for dei ulike stadia til møllen i området.

Utviklinga vert målt i døgngrader. Døgngradene vert rekna ut ved å legge saman gjennomsnittstemperaturen for kvart døgn.

Biletet øvst til venstre viser korleis full blom i rogn ser ut. Legg merke til at berre ca. 50 % av blomane er opne.



Livssyklusen til rognebærmøll. Ill.: Hermod Karlsen

Korleis finne døgngrader for rognebærmøll?

Det tek om lag 174 døgngrader (dg) frå full blom til rognebærmøllen er på vengene, 320 dg før egga vert lagde og 556 dg til egga byrjar klekke.

1. Gå til lmt.nibio.no
2. Velg værstasjonen som er nærast der du bur og trykk på fana som heiter «Værstatistikk»
3. Sett Basistemperatur på 0 (han står på 5 °C frå før) og dagen med full bløming i rogn som fyrste dato i «Periode»
4. Trykk «Beregn»
5. På den raude temperaturgrafene som kjem opp, peiker du til du finn datoen du er interessert i. Døgngradene står ved det raude kulepunktet i ruta som kjem opp.

Meir om rognebærmøll

Rognebærmøll (*Argyresthia conjugella*) er eit av dei viktigaste skadedyra i eple. Skaden kan sjåast som stikk på utsida, ofte med eit kvitt belegg rundt hola. Larvegangane er bølgete og smale i motsetnad til epleviklar der gangen går rett inn i kjernehuset.

I rogn slepp larvene seg ut av bæra i august og finn ein overvintringsstad i jorda. Sidan dei er tilpassa rognebær, greier dei sjeldan å overleve i eple. Det blir difor vanlegvis ingen overvintrande møll inne i eplehagen, sjølv ved stort åtak. Kjelda til åtak i eple er møll frå rogn som ikkje finn nok rognebær å leggje egg i.

Les meir i [Plantevernleksikonet](http://Plantevernleksikonet.no) på nett: www.plantevernleksikonet.no



Foto: Sverre Kobro, s.2 og Erling Fløistad, s.1.